



## Notat

Dato: 21.02.2017  
Arkivsak: 2016/300-87  
Saksbehandlar: torsan12

---

Til: Utval for opplæring og helse

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Undervisningsevaluering i Hordaland fylkeskommune

Sak om elevevaluering av lærarar blei første gong lagt fram for opplærings- og helseutvalet og fylkesutvalet i mai 2006. Evalueringa bytte seinare namn til undervisningsevaluering. Opplærings- og helseutvalet vedtok i møte 21.09.2009 vidare presiserigar om at det er fylkesdirektør opplæring sitt ansvar å gi praktiske føringar for gjennomføring av evalueringa, at alle lærarar kvart år skal evaluerast av minst ei elevgruppe og at evalueringa, så langt det er mogleg, skal gjennomførast på Vg1-nivå.

Fram til våren 2013 blei evalueringa gjennomført i læringsplattforma Its learning basert på eit sett spørsmål utarbeidd sentralt i HFK saman med arbeidstakarorganisasjonane. I 2013 gjekk opplæringsavdelinga til innkjøp av PULS, levert av Conexus, eit verktøy for skuleeigar og skulane til systematisk kvalitetsvurderings- og oppfølgingsarbeid. Undervisningsevalueringa blei frå 2014-2015 gjennomført i dette systemet.

Hausten 2015 gjekk avtalen med Conexus ut, og på bakgrunn av ein felles anbodskonkurranse med 16 andre fylke blei dette systemet erstatta av Hjernen og Hjertet, levert av Rambøll.

Ein modul for undervisningsevaluering er ikkje ein del av innkjøpet, og må skaffast som ein tilleggsmodul.

Fylkesdirektør opplæring vil gå i dialog med Rambøll om kjøp av undervisningsevaluatingsmodul som skal vere på plass for gjennomføring i skuleåret 2017/18. Det gir skulane moglegheit til å sjå resultat frå evalueringa opp mot andre resultat, som t.d. frå Elevundersøkinga og karakterdata.

Arbeidstakarorganisasjonane vil bli inviterte til å delta i arbeidsgruppe som i dialog med Rambøll skal utarbeide eit spørsmålsbatteri for bruk i undervisningsevalueringa.

Ettersom det ikkje er mogleg å gjennomføre undervisningsevalueringa i Hjernen og Hjertet inneverande skuleår, er det gjort frivillig for skulane å gjennomføre ei eiga, lokal undersøking dette skuleåret. Ei slik undersøking kan gjennomførast på fleire måtar, t.d. gjennom Its learning.